

Kvartalsrapport

1-2012



SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 1. kvartal 2012

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Fjellmeqleren AS, Hemsedal Regnskap AS og Valdres Regnskap AS. Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 1. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit overskot på 0,8 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8% av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS, Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5% av BNBank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5% av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 4,9 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 12,9 mill. per 1. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 8 mill. kroner som tilsvarar 0,55% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 1,5 mill. lågare enn tilsvarende periode i fjor.

Resultatet hittil i år er påverka av fortsatt press på rentenettoen og høgare innlånskostnader pga. den internasjonale uvissa som rår i finansmarknaden. I tillegg dreg den føreståande bankfusjonen med Øystre Slidre ned resultatet ein god del.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 25,7 mill. kroner mot 25,2 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,76%. I same periode i fjor var rentenettoen 1,77%. Rentenettoen er framleis under press som følge av høge innlånskostnader og konkurransesituasjonen på innskot og utlån. Den gjer det vanskeleg å kompensere for høgare kostnader på innskot og innlån gjennom auka inntekter på utlån.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,05% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,81% av gjennomsnittleg forvaltningskapital som er lik same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter utgjer 13,2 mill. kroner mot 11,4 mill. i same periode i fjor. Den største auken kjem frå utbytte på anleggsaksjar (0,9 mill.) og inntektsført resultat (utbytte) frå dotterselskap (0,5 mill.).

Børsen har så langt i år hatt ei positiv utvikling. Ved nyttår hadde banken sin aksjeportefølje ei nedskrivning for urealisert tap på nesten 1,2 mill. kroner. Børsutviklinga i 1. kvartal har gjort at denne nedskrivninga er reversert og aksjane står no bokført til kostpris. Urealisert gevinst i porteføljen er på 3,9 mill. kroner.

Driftskostnadane etter 1. kvartal aukar frå 22,9 mill. i fjor til 26,7 mill. kroner i år. Den store auken skuldast bl. a. kostnader i samband med førebuing av den vedtekte fusjonen med Øystre Slidre Sparebank til hausten. Andre kostnadsdrivarar er utskifting av kodebrikker knytt til nettbank og mobilbank, marknadsføring og fellesutgifter i alliansen. Kostnadsveksten er større enn forventa.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapsekostnad på 1,5 mill. kroner, og er litt over same periode i fjor. Banken har ikkje konstatert nye tap i perioden.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 5,906 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 5,3% siste 12 månader.

Utlånsvolumet har ein vekst så langt i året. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal er 5.158 mill. kroner, noko som er 224 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 4,5% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 0,2%, medan personmarknaden har ein vekst på 7,3% siste 12 månader. Samla utlånsvest siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkreditt er 5,7%. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 35,5% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 64,5%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 131,7 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 2,6% av brutto utlån og er på eit lågare nivå enn for eit år sidan. Banken har eit særleg fokus på oppfølging av tapseutsette engasjement og har i løpet av kvartalet styrka ressursane på området. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 50,3 mill. kroner per 1. kvartal og er uendra i kvartalet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 282,6 mill. kroner (obligasjonar). Banken har ei samla aksjeportefølje på 103,7 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av ekstern forvaltar som per 1. kvartal er bokført til 41 mill. Resterande aksjeportefølje på 62,7 mill. kroner er aksjar bokført som anleggsmidlar. I tillegg har banken aksjar i tilknytte konsernselskap (bl. a. Samarbeidende SpareBanker AS, BN Bank og Bank 1 Oslo) med til saman 91,6 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap utgjer 41,7 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.740 mill. kroner, og er ein auke på 281,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 7,5%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 72,5% mot 70,1% på same tid i fjor.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.300 mill. kroner i eksterne innlån, 5 obligasjonslån på til saman 1.049 mill. kroner og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kroner. Av innlåna har 400 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,6% ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

I januar vedtok forstandarskapet i SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank å slå saman bankane. Finanstilsynet har ikkje kome med svar på konsesjonssøknaden enno, men dersom den er positiv, vil fusjonen bli gjennomført i 2. halvår. Sjølv om konsesjonssøknaden ikkje er på plass, er førebuingane i full gang og krev naturleg nok ein del ressursar i begge organisasjonane. Ein stor del av fusjonskostnadane er knytt til konvertering og samordning av IKT-løysingar på ulike område. I tillegg er det nødvendig med ekstern bistand som også påverkar kostnadsbiletet. Fusjonsprosessen vil til ein viss grad påverke årsresultatet for 2012.

I starten av kvartalet kjøpte SpareBank 1 Hallingdal rekneskapskontoret Valdres Rekneskap AS. Dette er i tråd med konsernet sin strategi med å utvikle forretningsområdet økonomi og rekneskap i heile banken sitt marknadsområde. Arbeidet med å utvikle forretningsideen skjer i samarbeid med andre SpareBank 1-bankar.

Eigedomsmeklarane har hatt ein god start på året i januar og februar, men framleis svingingar i marknaden gjer det for tidleg å seie noko om korleis heile året blir.

Banken har dei siste åra hatt ein negativ volumutvikling i lån til bedriftsmarknaden (BM). Målsettinga er å snu denne trenden i 2012 og hittil i år er veksten innafor BM vore god og fleire lånetilsegn tyder på at den positive utviklinga vil halde fram.

Hallingdal, 31.03.12/15.05.12

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Ellen M. Intelhus Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatregneskap 1. kvartal 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 11	1. kv. 11	1. kv. 12	31.03.11	31.03.12		31.03.12	31.03.11	1. kv. 12	1. kv. 11	Året 11
240 811	57 986	63 376	57 986	63 376	Renteinntekter og liknande inntekter	62 942	57 400	62 942	57 400	237 933
136 363	32 750	37 692	32 750	37 692	Rentekostnader og liknande kostnader	37 735	32 823	37 735	32 823	136 308
104 448	25 236	25 684	25 236	25 684	Netto rente- og provisjonsinntekter	25 207	24 577	25 207	24 577	101 625
10 298	357	1 782	357	1 782	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	5 796	5 402	5 796	5 402	23 211
37 689	9 028	9 562	9 028	9 562	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	9 562	9 028	9 562	9 028	37 689
2 765	669	452	669	452	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	452	668	452	668	2 765
630	2 443	1 975	2 443	1 975	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	1 975	2 443	1 975	2 443	630
783	203	304	203	304	Andre driftsinntekter	13 578	5 031	13 578	5 031	28 903
46 635	11 362	13 172	11 362	13 172	Sum andre inntekter	30 459	21 236	30 459	21 236	87 668
151 083	36 598	38 856	36 598	38 856	Sum driftsinntekter	55 666	45 813	55 666	45 813	189 293
72 501	18 494	20 484	18 494	20 484	Løn og generelle administrasjonskostnader	29 026	21 844	29 026	21 844	89 630
1 925	481	488	481	488	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	2 584	1 817	2 584	1 817	7 116
18 648	3 881	5 761	3 881	5 761	Andre driftskostnader	6 390	2 813	6 390	2 813	19 504
93 074	22 856	26 733	22 856	26 733	Sum driftskostnader	38 000	26 474	38 000	26 474	116 250
58 009	13 742	12 122	13 742	12 122	Resultat før tap	17 666	19 339	17 666	19 339	73 043
11 090	861	1 528	861	1 528	Tap på utlån, garantiar mv	1 527	861	1 527	861	11 090
614					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					614
46 305	12 881	10 595	12 881	10 595	Resultat etter tap	16 139	18 478	16 139	18 478	61 339
14 227	3 400	2 600	3 400	2 600	Skatt på ordinært resultat	3 211	3 641	3 211	3 641	15 346
32 078	9 481	7 995	9 481	7 995	Resultat av ordinær drift etter skatt	12 928	14 837	12 928	14 837	45 993
					Minoritetens andel	0	0	0	0	0
32 078	9 481	7 995	9 481	7 995	Resultat	12 928	14 837	12 928	14 837	45 993

Nøkkeltal

	MORBANK			
	1. kv. 12	1. kv. 11	Året 11	Norm 11 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,76	1,77	1,82	1,74
Driftskostnader i % av driftsinntekter	68,80	62,45	61,60	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,83	1,60	1,62	-1,33
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	5,53	6,98	5,89	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	4,17	5,14	4,08	4,82
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,03	0,02	0,22	0,24
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	4,54	2,91	3,29	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	8,15	-1,72	5,08	6,57
Innskot i % av brutto utlån	72,51	70,09	72,79	
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	5,30	0,51	1,57	3,38
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	779 201	762 427	779 302	
Kapitaldekning	16,61	17,54	16,81	17,63
Eigenkapitalprosent	13,44	13,86	13,43	9,10
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,97	0,83	0,99	0,84

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 31. mars 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.11	31.03.11	31.03.12	EIGEDELAR	31.03.12	31.03.11	31.12.11
74 060	16 698	76 193	Kontantar og fordringar på sentralbankar	76 194	16 698	74 060
165 628	164 455	143 882	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	146 341	165 430	166 366
5 108 556	4 933 699	5 157 577	Brutto utlån til og fordringar på kundar	5 077 255	4 854 471	5 029 856
-27 553	-21 030	-27 434	- Individuelle nedskrivningar	-27 434	-21 030	-27 553
-22 900	-19 900	-22 900	- Gruppevise nedskrivningar	-22 900	-19 900	-22 900
5 058 103	4 892 769	5 107 244	Netto utlån til og fordringar på kundar	5 026 921	4 813 541	4 979 403
282 038	271 210	282 672	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	282 672	271 210	282 038
95 687	102 273	103 710	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	104 699	103 256	96 666
91 635	75 625	91 635	Eigarinteresser i tilknytta selskap	157 351	134 767	152 491
34 892	29 268	41 738	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
1 649	103	1 649	Immatrielle eigedelar	21 341	14 329	16 335
10 626	11 479	10 588	Varige driftsmidar	93 652	102 563	94 623
10 674	14 552	17 299	Andre eigedelar	27 528	14 552	19 636
26 916	30 010	28 959	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	46 466	37 127	39 437
5 851 908	5 608 442	5 905 568	Sum eigedelar	5 983 165	5 673 473	5 921 055
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
250 000	315 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	252 451	316 865	250 007
3 718 770	3 458 208	3 739 948	Innskot frå og gjeld til kundar	3 736 268	3 454 268	3 715 702
1 049 002	998 596	1 049 288	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 049 288	998 596	1 049 002
25 998	25 895	28 877	Anna gjeld	32 582	28 216	29 776
10 956	25 477	32 079	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	40 432	28 101	17 553
11 276	7 693	11 576	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	15 409	11 635	15 098
5 066 002	4 830 869	5 111 767	Sum gjeld	5 126 430	4 837 681	5 077 138
0	0	0	Minoritetsinteresser	0	0	0
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	65 716	59 142	60 856
0	0	0	Annan eigenkapital	-7 715	-1 545	-2 845
771 357	747 255	771 357	Sparebanken sitt fond	771 357	747 255	771 357
14 549	20 837	14 449	Gåvefond	14 449	20 837	14 549
0	9 481	7 995	Resultat hittil	12 928	10 103	0
785 906	777 573	793 801	Sum eigenkapital	856 735	835 792	843 917
5 851 908	5 608 442	5 905 568	Sum gjeld og eigenkapital	5 983 165	5 673 473	5 921 055
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
648 864	589 492	663 009	Betinga forpliktingar	663 009	589 492	648 864

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	1. kv. 12	1. kv. 11	Året 11
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	131 708	161 382	120 531
- individuelle nedskrivning	24 650	21 118	24 560
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	107 058	140 264	95 971
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	10 376	0	10 496
- individuelle nedskrivning	2 784	0	2 992
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	7 592	0	7 504
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR			
Endring gruppe nedskrivning	0	1 000	4 000
Endring individuell nedskrivning	0	0	6 647
Konstatert tap i perioden	1 555	0	2 147
Inngått på tidl.konst. tap	(27)	-139	-1 704
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	1 528	861	11 090

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

